



"Røysterett for alle" syng i Aktivitetshuset 17. mai 2006. Dei to siste åra har regnet jaga festlyden i hus. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Kva med 17. mai-programmet, det har vi ikkje sett noko til sjølv om feiringa i nabobygder har vore annonsert. Blir det inga feiring i Uskedalen i år?

Ein av veteranane stilte dette spørsmålet til uskedalen.no fredag. Laurdag ettermiddag vart vedkommande beroliga: Programmet vart utlagt til sal på SPAR og bensinstasjonen.

Feiringa fylgjer naturleg nok det tradisjonelle opplegget

Salutten smell klokka sju og gudstenesta i kyrkja startar kl. 11.15. Den er ved fungerande sokneprest John Victor Selle og "Røysterett for alle" syng slik koret plar gjera også der. Det har ein svært travel dag, det skal syngja på fire stader!

Kl. 12.15 er kransenedleggjinga ved bautaen over dei frå vår bygd som var mobilisert til innsats i vår siste krig mot svenskane i tida 1808/1814. Femteklassingane les – som tradisjonen også tilseier – prologen til Olav Agnar Gausvik. Den heiter "Eit merke til minne, ein bauta til æra" og dei neste orda er " reist her i vørnad for bodskap å bera".

Uskedalen skulemusikk spelar og første og siste vers av Fedrelandssongen vert sunge.

Kl. 12.45 er det leiker og konkurransar for born og vaksne ved skulen og sal av mat og drikke.

Folketoget går 14.30 frå skulen over Dønhaug til Stemneplassen. Der vonar alle at festprogrammet skal avviklast dette året, for no har det regna så mykje dei to siste åra at festlyden har flykta innandørs. Aktivitetshuset er eit bra alternativ, men tradisjon er tradisjon!

Festprogrammer på Stemneplassen startar kl. 15.30. Det blir innleia med minneord av Sigvald Eik og skulemusikken spelar. Etter nasjonalsongen held lærar Ove Tvedt frå Valen tale for dagen og "Røysterett for alle" er tilbake i bygda og syng.

Dagens overraskande og nye innslag kjem deretter – og det er frå Guatemala. Mange er spente på kvad dei åtte frå vennskapskommunen som no er på to vekers vitjing i Kvinnherad har å by på.

Etter festprogrammet er det tog/flaggbord til bautasteinen og så hender det ikkje noko før festen i Bedehuset om kvelden.

Av Ola Matti Mathisen



17. mai-programmet 2007 kom laurdag ettermiddag. I seinaste laget, tykte nokre. (Foto: Ola Matti Mathisen)